

Arne Skår
Romarheimsneset 8
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4855 - 22/69175

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2022

Landbruksak GBNR 217/1 Romarheim - Svar på søknad om nydyrking

Administrativt vedtak: Saknr: 980/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om nydyrking gjev Alver kommune løyve til nydyrking av arealet i søknaden på gbnr 217/1 Romarheim.

- Dersom det kjem fram kulturminne må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.

- Løyve fell vekk om ikkje tiltaket er iverksett innan 30.09.2025

Saka gjeld

Arne Skår søker om nydyrking av ca 25daa innmarksbeite til fulldyrka areal på gbnr 217/1 i Alver kommune. Området har fram til no vært nytta som beite men søker har behov for meir slåttemark. Arealet vil etter nydyrking nyttast til grasproduksjon og eventuelt haustbeite.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søkar driv og andre nærliggande areal og kjem godt med for å sikra meir eigenprodusert grovfôr med tanke på vidare satsing på mjølkeproduksjon og neste generasjons som skal驱va garden.

VURDERING:

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt. konflikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomstar.

Prinsippa i §§ 8 –12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Området er elles omkransa av skog, myr, dyrkamark og øydelegg såleis ikkje andre viktige naturtypar.

Ved nydyrkning skal det settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skilar seg tydeleg frå omgivelsane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Vegetasjonsona kan bestå av gras artar som kan haustast, men som ikkje skal gjødslast. Ein skal heller ikkje driva jordbearbeiding i denne sona.

Det er frå tidlegare etablert ein flaumvoll langs elva som lagar ei naturleg sone mot elva som er på meir enn 6 meter ved normal vassføring. I tillegg går det ein landbruksveg/driftsveg langs denne vollen som vert nytta i drifta.

Sjå og vedlegg frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune.

Privatrettslege tilhøve

At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Regelverk

- Jordlova LOV-1995-05-12-23
- Forskrift om nydyrkning FOR-1997-05-02-423

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4855

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Skår

Romarheimsneset 8 5994 VIKANES